



TILLEGGSINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato 28.10.2020
Møtetid: Kl. 16:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
081/2020	19/1040	Plassering av dagsturhytta og val av tilleggselement	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-233, FA-C21
Arkivsaksnr: 19/1040	Løpenr: 20/9005
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	28.10.2020	081/2020

Plassering av dagsturhytta og val av tilleggselement

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Dagsturhytta vert plassert ved Kvernesvatnet. Totalkostnad for prosjektet er estimert til kr 1 108 000, noko som inkluderer dagsturhytta, grunnarbeid og ein tryggleiksmargin på kr 50 000.

Estimert totalkostnad kr 1 108 000
Estimert kommunal eigendel kr 167 000
Kommunal forskottering av spelemidlar kr 369 000

I økonomirapporteringa per april 2020 er det vedteke å bruka kr 100 000 av ubunde investeringsfond for å finansiera vedtaket i sak 84/2019. Resterande kommunal eigendel vert også finansiert med ubundne investeringsfond. Kommunen søkjer om kr 369 000 i spelemidlar som må forskotterast. Forskottering vert finansiert med ubundne investeringsfond og tilbakeført når spelemidlane vert utbetalt. Me kan forventa utbetaling innan 2023.

Dokument som er vedlagt:

Plassering av dagsturhytta og val av tilleggselement - Vedlegg med saksutgreiing
Vedlegg 1 til alternativ B Totræna - Kart med turmål i området
Vedlegg 2 til alternativ B Totræna - Turpoststatistikk
Sjekkliste for alternativ C i nærleiken av Fitjavatnet
Sjekkliste for alternativ D i området Malkestølen
Vedlegg 1 til alternativ D Malkestølen - Epost med innspel
Vedlegg 2 til alternativ D Malkestølen - Kart 1
Vedlegg 3 til alternativ D Malkestølen - Kart 2
Vedlegg 4 til alternativ D Malkestølen - Bilete
Innspel og uttalelsar til dagsturhytteprosjektet
Uttale til politisk sak om dagsturhytte v. prosjektleiar i Vestland fylkeskommune
Innspel til plassering av dagsturhytta frå råd for personar med nedsett funksjonsevne
Tilleggsopplysningar til innspel om plassering av dagsturhytta frå Kvamskogen Vel

Dokument som ikkje er vedlagt:

Alle vedlegg til møte i kommunestyret 16.09.20 sak 051/2020.

Saksutgreiing

Av tekniske årsaker følgjer saksutgreiinga som vedlegg i denne saka (som første vedlegg i saka).



Plassering av dagsturhytta og val av tilleggselement Saksutgreiing til kommunestyremøtet 28.10.2020

Kva saka gjeld:

I kommunestyremøtet 16.09.20 sak 051/2020 om dagsturhytta vart det gjort følgjande vedtak:

Saka vert utsett. Kommunen opnar for fleire innspel om plassering av dagsturhytta. Fristen for dette vert sett til 1. november. Revidert saksutgreiing – der alternative plasseringar vert vurderte – vert lagt fram for kommunestyret til møtet 3. desember.

I etterkant av kommunestyremøtet har ordførar, rådmann og prosjektleiar drøfta korleis administrasjonen kan imøtekoma vedtaket då prosjektgruppa har svært avgrensa kapasitet. Løysninga vart å be innsendarane av innspel om å bidra med mest mogleg informasjon. Ønskje om innspel vart lyst ut i Samningen, på kommunen si heimeside og facebookside. Fristen for å senda inn innspel vart sett til 1. november, som vedtatt. I utlysningsteksten har me vist til ei «sjekkliste» for utfylling, og informert om at dei innsendte opplysningane vil vera grunnlaget for kommunestyret si handsaming av saka.

I mellomtida har prosjektleiar og ordførar etterlyst informasjon frå Stad Kystbygg om det vil ha konsekvensar for kommunen å ustette saka, og om det høve til å unngå eventuelle konsekvensar. Etter planen skal tomte vera avgravid og klar for fundamentering innan 18.10.20. Uavhenging om hytteplassering er vedtatt og avgraving er utført vil hytta vert frakta til Samnanger 13. november.

Tysdag 13. oktober fekk administrasjonen følgjande tilbakemelding frå Stad Kystbygg:

Dersom ein av kommunane ikkje rekk å bli klar vil dette føre til:

- Ekstra oppmøte med helikopter*
- Omprosjektering av logistikken til Stad kystbygg AS*
- Ekstra køyring og større timeforbruk.*
- Behov for lagring av hytta ein annan stad. (anten under tak eller med transporthetter på)*

Dette vil resultere i ein ekstrakostnad mellom 55 000 - 100 000.

Dersom Samnanger kommune fattar vedtak i oktobermøtet [KS-møtet 28.10.20], kan dette gå bra. Ein føreset då at kommunen rekk å førebu tomte til den 13. november. Avgraving må då vere gjort, slik at Stad kystbygg AS kan gå i gang med fundamentering.

Dersom tomte ikkje er klar til dette tidspunktet kan ein risikere å havne i same situasjon som beskrive over. Det kan sjølvstakt skje at vi kan bli forsinka med framdrifta vår før vi byrar i Samnanger, men det må i så fall sjåast på som usikkert.

På bakgrunn av desse opplysningane, og for å unngå ekstrakostnadane nemnd ovanfor, har ordføraren bedt administrasjonen om at saka vert framskunda til kommunestyremøtet 28.10.20. Ny frist for innspel til plassering vart sett til 18.10.20. Fristen sakshandsamar har for å ferdigstille saka er 19.10.20.

I tillegg til dei tre alternativa som vart presentert i formannskapet 03.09.20 sak 026/2020 og kommunestyret 16.09.20 sak 051/2020 er det kome inn seks nye innspel. Det er kun to av dei innkomne forslaga som kjem med den informasjonen me ber om:

Alternativ plassering	Har me me opplysningane som trengs?	
Kvernesvatnet med tilrettelagt turløype	Delvis	Visar til saksframlegg i KS 16.09.20 sak 051/2020. Forslag frå administrasjonen.
Kvernesvatnet med sti som den er i dag	Ja	Visar til saksframlegg i KS 16.09.20 sak 051/2020. Forslag frå administrasjonen.
Totræna i tilknytning 5km langrennsløype	Ja	Visar til saksframlegg i KS 16.09.20 sak 051/2020. Innspel frå Samnanger turlag.
På kommunal leikeplass på Bjørkhaugen. I Åsen eller Skinstø er også gode alternativ.	Nei	Innspel frå Wenche Fossdal. Innspel innsendt etter KS-møte 16.09.20, men før ønskje om innspel vart lyst ut. Innsendar skriv at leikeplassen på Bjørkhaugen er mykje brukt av barnehagen og barneskulen, men det vert ikkje vist til anna informasjon. Prosjektgruppa har ikkje vore på synfaring i områda.
-Nær skytebana på Tysse -Fossåsen med flott utsikt over bygd og fjord -Ved Smådalsvatnet	Nei Nei Nei	Innspel frå Olav Moss. Innsendar skriv at det er veg fram til alle tre alternativ, elles vert det ikkje vist til anna informasjon. Prosjektgruppa har ikkje vore på synfaring i områda.
I nærleiken av Fitjavatnet	Delvis	Innspel frå Samnanger barneskule. Barneskulen har sendt inn sjekklister, grunneigar er positiv til tiltaket. Prosjektgruppa har gards- og bruksnummer, men veit ikkje nøyaktig plassering. Prosjektgruppa har ikkje vore på synfaring i området.
I nærleiken av Fossen Bratte	Nei	Innspel frå Kvamskogen Vel. Det vert ikkje vist til anna informasjon tidsfristen. Etter tidsfristen Har Kvamskogen Vel sendt ein mail med tilleggsopplysningar. Grunna tekniske feil er utsending av saksframlegget forsinka, og me har hatt høve til å leggja til eposten som vedlegg til saka. Prosjektgruppa har ikkje vore på synfaring i området.
I området Malkestølen	Delvis	Innspel frå Rune Erdal og Helge Magnus Erdal. Det er sendt inn sjekklister, kart og GPS-koordinatar. Prosjektgruppa har ikkje vore på synfaring i området.
Flesjane	Delvis	Innspel frå råd for personar med nedsett funksjonsevne. Det er ikkje sendt inn sjekklister, men prosjektgruppa er delvis kjent med informasjonen som trengs ettersom utgangspunktet for turen til Flesjane er same som for Kvernesvatnet, i tillegg eig kommunen området. Visar til vedlagt notat med innspel.

Vurderingar og konsekvensar:

Dagsturhytta skal vera eit lågterskeltilbod.

Mål med prosjektet

- Skape ein sosial møteplass i naturen
- Få fleire på tur og oftare på tur
- Vera ein attraksjon i seg sjølv
- Søkje ly, eta nista
- Dagsturhytte – bibliotek
- Bygge identitet – fellesskap
- Bli meir bevisst den unike naturen i Vestland – verta meir kjend i fylket

Om hytta

- 45 m2 utvendig
- 15 m2 innvendig
- Solcellepanel
- Peis
- Nynorskblibotek

Kriterier for val av plassering vert omtala seinare i saksframlegget. Sjå www.Dagsturhytta.no for meir informasjon om dagsturhytta og bileter frå gjennomførte prosjekt i tidlegare Sogn og Fjordane.

Tilleggsselement

Toalett ved hytta er ikkje eit krav. Dersom hytta har universell tilkomst, eller tilkomst av høg grad av tilgjenge, er det eit krav om toalettløysing med høg grad av tilgjenge.


Følgjande forslag vert ikkje presentert då vurderingsgrunnlaget er for tynt:

- Nær skytebana på Tysse
- Fossåsen med flott utsikt over bygd og fjord
- Ved Smådalsvatnet
- I nærleiken av Fossen Bratte

Følgjande forslag til plasseringar vert presentert:

- Kvernesvatnet med tilrettelagt turløype
- Kvernesvatnet med sti som den er i dag
- Totræna i tilknytning 5km langrennsløype
- I nærleiken av Fitjavatnet
- I området Malkestølen

Kart over dei alternative plasseringane:



Kostnader:

Dagsturhytta inkl. grunnarbeid og overflatebehandling bordtak	kr 1 058 000 inkl. mva
Sikkerhetsmargin dagsturhytte	kr 50 000 inkl. mva
Standard toalettløsning inkl. muldo og grunnarbeid	kr 172 000 inkl. mva
Høg grad tilgjenge toalettløsning inkl. muldo og grunnarbeid	kr 184 000 inkl. mva


I økonomirapporteringa per april 2020 er det vedteke å bruka kr 100 000 av ubunde investeringsfond for å finansiera vedtaket i sak 84/2019. Inkludert grunnarbeid og endringsmeldingar undervegs vil eigendelen koma på kr 158 000. Det vert ikkje høve for teknisk drift å gjera heile grunnarbeidet (estimert til kr 67 000) som dugnad/eigedel. Me vil kunne søka spelemidlar av desse tilleggskostnadane på kr 58 000.

Samnanger kommune har mottatt følgjande tilskot til dagsturhytta: kr 200 000 frå Vestland fylkeskommune, kr 100 000 frå Sparebankstiftinga Sogn og fjordane og kr 50 000 frå BKK. Kommunen søkjer om spelemidlar på 1/3 av kostnadane i tillegg til tilskota nemnd ovanfor. Det kan ta nokre år før spelemidlane vert utbetalt, og kommunen må forskottera utgiftene.

Det er lagt til kr 50 000 i sikkerhetsmargin for eventuelle uforutsette kostnader med dagsturhytta.

Toalett er eit valfritt tilleggselement, men dersom det er bestemt at ein skal ha toalett – og tilkomsten til hytta er tilrettelagt for rullestol – må også toalettet ha tilrettelagt tilkomst.

ALTERNATIV A.
PLASSERING AV DAGSTURHYTTA VED KVERNESVATNET



Kriterier for val av hytteplassering		Vurdert av prosjektgruppa
Lett tilgjengeleg? Først og fremst barn og unge	Ja	Dagturhytta vert vurdert som lett tilgjengeleg i kvardagen til dei fleste innbyggjarar. Turen, totalt sett, er ikkje for tidskrevjande i ein travel kvardag og plasseringa gjev flest mogleg eit flott tilbod om å koma seg ut i naturen. I umiddelbar nærleik av kollektiv transport for blant anna ungdom, barnehagar og skuleklassar.
Høg grad av tilrettelegging?	Ja	Turløypa vil ha høg grad av tilrettelegging dersom strekninga Søvik-Kvernesvatnet vert tilgjengeleg for elektrisk rullestol. Den vil også vera tilgjengeleg for rullator, sykkel, barnevogn og rulleski.
«Maks» 15 min med bil frå kommunesenter?	Ja	Ca 3 min med bil frå Bjørkheim handlessentrum.
Maksimal høgd over havet 700 m	Ja	45 m.o.h.
Gangtid 25-45 minuttar	Ja	Gangtid frå parkeringsplassen til Kvernesvatnet er ca 35 min for ein vaksen.
Omtale av klimatiske forhold ved turmålet	Ja	Som i bygda elles. Dette er i låglandet.
Steinsprang, rasfare	Nei	Nei.
Omtale av snø i området	Ja	Varierer med snø i området.
Kor mykje vind er det i området?	Nei	Lite vind i området.
Kan me bruka turmålet heile året? Ski, truger?	Ja	Turmålet kan brukast heile året til fots, inkludert ski og truger.
Tomta må ha fast fjell og vera flat, og arealet rundt må vera flatt	Ja	Prosjektgruppa har vore på synfaring med entrepenør som stadfester at arealet er tilfredsstillande.
Planlegg å setta opp sanitæranlegg?	Ja	Av praktiske årsakar og med omsyn til miljøet er det ønskeleg med toalett i samband med dagsturhytta.
Er tilkomsten god nok? Tåler stien trafikkauke?	Delvis	Tilkomsten er ikkje god nok dersom me ønskjer å gje eit tilbod til flest mogleg innbyggjarar. Skal stien vera slik den er i dag tolar den trafikkauke, men det er behov for enkel oppgardering med klopper over enkelte myrområder.
Har me fått innspel, diskutert med relevante aktørar?	Ja	Naturutvalet, Ungdomsrådet, Eldrerådet, råd for personar med nedsett funksjonsevne, Samnanger turlag, Samnanger historielag, prosjektleiar i vestland fylkeskommune Atle Skrede, aktuelle grunneigarar.
Er tomta i strid med landskapsvern, kulturminne, sårbar skog, dyre- og planteliv?	Delvis	Dagens trase til Kvernesvatnet går gjennom utkanten av to naturområder som er registert i Naturbase. Traseen er ein gamal prestaveg. Det vert tatt omsyn til naturområda og prestavegen som kulturminne vert vurdert.
Er startpunktet i nærleiken av kollektiv transport?	Ja	Ja, det er busstopp like ved startpunktet for turen.
Er hytta i nærleiken av idrettsanlegg og anna infrastruktur?	Ja	Barnehagar, handelssentrum, Ådlandskyrkja, bufellesskap, bustadområder, utstyrsbanken i frivilligsentralen med utlån av kajakk, kano, sykkel m.m., universelt utforma badevik på Bjørkheim, kollektiv transport.
Har me følgd PBL og andre offentlege vurderingar, tatt alle omsyn, stølsmiljø m.m.?	Ja	Turstiar tilrettelagt for rullestol og vogn er blant anna eit tiltak i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024 i Samnanger kommune.
Er hytta i strid med planstatus for området?	Nei	Nei.
Har me tilgang til vant, eventuelt oppsamling av regnvatn?	Ja	Ja, Kvernesvatnet og oppsamling av regnvatn.
Har tomta areal nok/har grunneigar gitt løyve til å sette opp telt og gapahuk ? Skilting om løyve til telt?	Ja	Samnanger kommune er grunneigar. Det er lov å setja opp telt og gapahug i området. Det er ikkje skilta om løyve til telt.

Har vi avtale med grunneigar om å kunne hogge ned tre for utsikt og til å nytte til vedfyring og bålpanne ?	Ja	Ja, Samnanger kommune er grunneigar.
Er det gitt løyve til å etablere bål plass ? Skilting om tryggleik?		Vert vurdert seinare.
Er hytta plassert på veg til eit nytt turmål? Kan besøkande gå vidare etter hytta til nytt turmål?	Ja	Tek ein utgangspunkt i kyrkja på Ådland kan ein gå vidare til Kvernes, Skutevika, Kverneshella og Flesjane når ein kjem til Kvernesvatnet. På veg fram til Kvernesvatnet kan ein stoppa ved neset på Ådland eller ta turen ned til Tranaholmen. Ein kan også starta turen på fjorden med kajakk, båt eller kano.
Tilstrekkeleg med parkeringsplassar er også ei føring me ta omsyn til med tanke på plassering av dagsturhytta. Parkeringsplassen som vil vera utgangspunktet for turen til Kvernesvatnet har god nok kapasitet.		

Vurdering av alternativ Kvernesvatnet

Eit mål med dagsturhytta er å få «fleire på tur og oftare på tur». Dagsturhytta er tiltenkt å vera eit lavterskeltilbod. Kvernesvatnet ligg ca 2 km frå parkeringsplassen ved kyrkja på Ådland, og det tek ca 35 min å gå dit for ein vaksen. Skal me få fleire ut på tur og oftare på tur må me tenka nytt og syte for at alle har eit tilbod dei kan ta i bruk.

Me tolkar målet med prosjektet på den måten at dagsturhytta skal bidra til fleire nye brukarar av naturen og turane i Samnanger, og meiner difor at plassering ved Kvernesvatnet med tilrettelagt tilkomst er eit godt verkemiddel. Dagsturhytta vil på denne måten vera eit tilbod til «alle» innbyggjarar i «alle» aldrar og funksjonsnivå.

Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014-2020 er ei satsing på friluftsliv i kvardagen. Dei viktigste målgruppene er barn og unge, personar med innvandrarakgrunn, personar med nedsatt funksjonsevne og personar som er lite fysisk aktive. Hovudmål 1 i nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 *Sammen om aktive liv* er: «Et meir aktivtetsvennlig og aldersvennlig samfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn gis mulighet til bevegelse og fysisk aktivitet».

Turen til Kvernesvatnet - slik den er i dag - er lett tilgjengeleg for dei fleste innbyggjarane våre, men kan gjerast tilgjengeleg for bortimot alle grupper i samfunnet vårt. Turruta kan også verta meir tilgjengeleg og attraktiv for innbyggjarar med ulike typar interesser og i ulike livsfasar. Med utbetring av vegen kan me leggja til rette for bruk av t.d. sykkel, rullator, offroad-rulleski og elektrisk rullestol. Turløypa vil vera tilgjengeleg for barn og unge, alle funksjonsfriske, dei fleste med nedsett funksjonsevne (kan ikkje bruka manuell rullestol), barnefamiliar med trehjulsykke og barnevogn, og eldre som har utfordringar med å gå i ulent terreng.

Universelle turstiar er eit tiltak i Kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024. Kommunen gjennomførte seinast i 2012 eit større prosjekt der 15 turstiar vart rydda og merkte. I følge planen ønskjer kommunen å prioritera turstiane til Flesjane, Smådalen og Raudvatnet. Ingen av turstiane i kommunen er universelt utforma eller tilrettelagt for elektrisk rullestol, men fleire av dei kan – i alle fall delar av stien – verta laga slik at alle kan bruka dei:

Tiltak	Universelle turstiar
Bakgrunn	Nokre turstiar bør vera mogleg å ta seg fram med vogn og rullestol. Utbetring av sti til td Botnahytta, Prestavegen –Flesjane og Fitjarvatnet mm.
Ansvar	Eining for kultur/ frivillig organisasjonar
Korleis	Utarbeida finansieringsplan og søka tilskot

I følge Atle Skrede, prosjektleiar i Vestland fylkeskommune, skal det etablerast 33 hytter i «gamle» Hordaland. Mellom fire og sju av kommunane ønskjer å gjera tilkomsten til hytta så tilgjengeleg som råd, men kun Samnanger har som alternativ å leggja til rette for elektrisk rullestol. Prosjektleiaren meiner at tilrettelagt tilkomst til Kvernesvatnet er spanande. Som førebels einaste kommune med denne grad tilgjengeleg tilkomst vil dette truleg bidra til positiv blest om dagsturhytta på regionalt nivå.

Det offisielle startpunktet for turen til dagsturhytta vil vera parkeringsplassen ved kyrkja på Ådland, men ein kan også starta turen frå fjorden. I nettverket av stiar tilknyta Kvernesvatnet finn ein fleire badeplassar i Samnangerfjorden som også kan nyttast som utgangspunkt. Ein kan nå Kvernesvatnet både frå Flesjane, Skutevika, neset på Ådland og Tranaholmen. I tillegg kan ein gå på sti frå Kvernes. I utstyrsbanken til frivilligsentralen kan ein blant anna låna sykklar, kajakkar og kanoar.

Då kyrkja på Ådland stod ferdig i 1851, vart «Prestavegen» bygd frå kyrkja og ut til Kverneshella. Vegen er rekna for å vera den første vegen i Samnanger. Prestavegen er eit viktig kulturminne i Samnanger og må difor takast vare på. Etter ca 169 år med bruk er det sjølvstøtt at Prestavegen ikkje er i same stand som den ein gong var, men trasèen er – og vil framleis vera – den same. Betre tilrettelagt veg kan bidra positivt til auka besøk og kunnskap om Prestavegen. Me vurderar gevinsten med å gjera ein del av Prestavegen tilgjengeleg for så mange som råd som stor. Ny bruk av eit kulturminne kan vera den beste form for vern.

Når ein skal tilrettelegga turløyper for elektrisk rullestol er det fleire moment å ta omsyn til. Lengde, stigning/fall og bredde er av størst betydning. Ved tilrettelegging av turløypa vil me følgja normane for tilrettelegging som er publisert i *Veileder: Tilrettelegging av turveier, løyper og stier* av Kultur- og kirkedepartementet (2008) og *Overordnet klassifisering av tilgjengelighet (bevegelseshemmede) – friluft* (2019) publisert av Kartverket. Tilrettelegginga vil kreva noko inngrep i naturen, men det er eit mål at inngrepa vert holdt til eit minimum, og at vegen vert ein naturleg del av omgjevnadane. Det er dei tre brattaste partia som vil kreva størst tilrettelegging. Andre delar av vegen vil kreva mindre justeringar. Samnanger kommune er grunneigar for den største delen av Prestavegen, inkludert området rundt Kvernesvatnet. Grunneigarar på Sjøvik er positiv til trase på si tomt.

ALTERNATIV B.

PLASSERING AV DAGSTURHYTTA I TOTRÆNA I TILKNYTNING 5 KM LANGRENNSLØYPE



Kriterier for val av hytteplassering		Vurdert av Samnanger turlag
Lett tilgjengeleg? Først og fremst barn og unge	Ja	Mange tilkomstveggar/stiar, blant anna frå barnehage/barneskule på Gjerde.
Høg grad av tilrettelegging?	Nei	
«Maks» 15 min med bil frå kommunesenter?	Ja	Alle startpunkta er innanfor.
Maksimal høgde over havet 700 m	Ja	388 m.o.h
Gangtid 25-45 minuttar	Ja	Tid/km vil variere alt etter kva veg ein vel. Kortast på sti frå Totræna, ca 1,4 km og 20-25 minutt.
Omtale av klimatiske forhold ved turmålet	Ja	
Steinsprang, rasfare	Nei	
Omtale av snø i området	Ja	Området ligg i tilknytning til 5 km sløyfa i Totræna Vinterpark, langrennsanlegget i bygda, og vil såleis ha same snøforhold som skianlegget. Det kan ligge snø frå november til april på gode vintrar, mens i snøfattige år er det kanskje berre snø i februar-mars. Men hytta vil ein kunne nytte om det er snø eller bart i området.
Kor mykje vind er det i området?	Nei	Området ligg ikkje på ein topp og ein kan behalde skog rundt tomta som vil ta av for vind, så me tenkje at området ikkje er spesielt værutsatt.
Kan me bruka turmålet heile året? Ski, truger?	Ja	Velegna for heilårsbruk, der ein kan bruke ski/truger på vinteren ved snø.
Tomta må ha fast fjell og vera flat, og arealet rundt må vera flatt	Ja	Entreprenør har vore på synfaring saman med kommunen og grunneigar.
Planlegg å setta opp sanitæranlegg?	Ja	Svært ynksjeleg, både med tanke på trafikk til hytta og for dei som nyttar skiløypene. Grunneigar ynksjer også dette.
Er tilkomsten god nok? Tåler stien trafikkaue?	Ja	Det er mange stiar/veggar til tomten, der nokre er i grei stand, mens andre må tilretteleggast for auka trafikk med klopper, samt at mange av stiane må merkast. Fordel med mange tilkomster, slik at trafikken vil bli spreidd. Sjå eige kartvedlegg med tilkomstoversikt.
Har me fått innspel, diskutert med relevante aktørar?	Ja	Grunneigar har kome med innspelet på tomt til Samnanger Turlag, og styret i turlaget er positive til plasseringa. Turlaget har også kontakta tilstøytande grunneigarar som kan bli ramma ifm bygging og desse er
		også positive til tiltaket. Turlaget har også snakka med leiar i langrennsgruppa i Totræna Vinterpark og berre positiv tilbakemelding derifrå også.
Er tomta i strid med landskapsvern, kulturminne, sårbar skog, dyre- og planteliv?	Nei	Ikkje det turlaget eller grunneigar kjenner til.
Er startpunktet i nærleiken av kollektiv transport?	Ja	Det er mogleg med kollektivtransport frå nokre startpunkt utan at det blir for langt til ein av tilkomstvegane. Ein kan gå av på Lønnebakken og gå til hytta via f.eks. Myra, Lønnebakksfeltet eller Tovegstjørna. Ein kan også gå av på Bjørkheimsområdet og gå opp via Rødne eller Nordvik via Fitjavatnet.
Er hytta i nærleiken av idrettsanlegg og anna infrastruktur?	Ja	Totræna vinterpark (langrennsarena) ligg i tett tilknytning til hyttetomta. Ein kan også nå hytta ved å parkere ved idrettsanlegget i Hagabotnane, då eit par av tilkomstane startar der.
Har me følgd PBL og andre offentlege virderingar, tatt alle omsyn, stølsmiljø m.m.?	Ja	I fylgje grunneigar skal dette vere i orden.
Er hytta i strid med planstatus for området?	Nei	

Har me tilgang til vant, eventuelt oppsamling av regnvatn?	Nei	Regnvatn kan evt. samlast opp om ein tilrettelegg for det.
Har tomte areal nok/har grunneigar gitt løyve til å sette opp telt og gapahuk? Skilting om løyve til telt?	Ja	Grunneigar har gitt løyve til telting, men me vil også oppfordre til å bruke hengekøye.
Har vi avtale med grunneigar om å kunne hogge ned tre for utsikt og til å nytte til vedfyring og bålpanne?	Ja	Ja, grunneigar tillet det, men under tilsyn/dugnadsarbeid (ikkje fri hogst for kven som helst). Grunneigar vil også bidra sjølv med tomte/utsiktsrydding.
Er det gitt løyve til å etablere bål plass? Skilting om tryggleik?	Ja	Grunneigar tillet det mot at bålreglar blir fylgt ved bruk. Me tenkjer at bål plassen godt kan etablerast og tilretteleggast ifm grunnarbeidet.
Er hytta plassert på veg til eit nytt turmål? Kan besøkande gå vidare etter hytta til nytt turmål?	Ja	Det er eit nettverk av stiar i området om ein vil ha kort eller lang tur, ulike rundturar eller besøke hytta på veg til/frå andre turmål i området. Sjå vedlagt kart med turpostar. Og ellers ligg hytta "på vegen" i skiløypa.
Tilstrekkeleg med parkeringsplassar er noko me må ta omsyn til med tanke på plassering av dagsturhytta. Parkeringsplassen i Totræna som er hovudutgangspunktet for turen har god nok kapasitet. For lengre turar er det også høve til parkering i Hagabotnane, ved barneskulen på Gjerde, og Myra.		

Innspel frå Samnanger turlag

Tomta me vil spele inn ligg i tilknytning til 5 km sløyfa i Totræna Vinterpark og turløypa mot vassvegen (skogsvegen til Fitjavatnet frå Myra). Kortaste tilkomst er frå parkeringsplassen i Totræna. Samtidig ligg tomte i eit nettverk av stiar, slik at veldig mange kan nå hytta frå ulike kantar av bygda, óg utan å bruke bil (sjå kart med ulike tilkomst til hytteområdet). Området ved Fitjavatnet er eit etablert turområde og mange turmål i området er godt og hyppig besøkt i dag. Folk til Fjells turpostordninga som har vore i kommunen sidan 1998 viser at det er vesentleg meir besøk i dette området enn langs Prestavegen, som er mest nytta på våren. Sjå vedlegg med statistikk for aktuelle turmål i begge desse områda og vedlegg 3 kart med turpostar/turmål i området me spelar inn.

Turlaget tykkjer at ei dagsturhytte er eit kjekt turmål uansett alder, men me har også eit ynskje om at hytta ligg slik til at ho kan nyttast av barnehage og skule utan at dei må skyssast. Vårt tomteinnspel ligg slik til og då det også er ein debatt om å samle 1-10 skule på Gjerde er det flott med eit slik tilbod i nærleiken. Me har prøvgeått turen frå skulen til Myra og vidare på sti opp til tomte og nedatt via turløypa/vassvegen. Me hadde med oss ein 1. klassing og fleire 5. klassingar. Det er ca. 4 km kvar veg frå skulen den vegen. Me brukte 1 time og 15 minutt opp i nærare 30 grader og sol inklusiv naturleg

24 av 112

streiking frå borna undervegs, slik det ofte er i ein klasse og. Returen tok 55 minutt (sti/veg). Med andre ord vil det vere mogleg å nytte hytta i kvardagen for skule/barnehage (Dråpeslottet) om ho ligg i det området. På biletet til høgre ser ein ein kjekk klatrestein i tomteområdet.

Tomte me foreslår vil ikkje ha universelt utforma tilkomst utan at det blir gjort inngrep i naturen. Turlaget ynskjer at ei dagsturhytte skal vere til glede for flest mogleg, men samanlikna med alternativet som er lansert ved Kvernesvatnet, der ein evt. skal kunne ta seg fram med hjul, tenkjer me at det kan vere ein fordel om hytta krev ein liten innsats å nå, sjølv om ein då dessverre ekskluderar nokon brukarar. Det at denne tomte ligg meir til fjells tenkjer me gjer hytta mindre attraktiv som festlokale. Økonomisk ser me også for oss at det må koste mindre med tilrettelegging og framtidig vedlikehald av tilkomst til denne tomte kontra universell utforming til Kvernesvatnet, og turlaget ynskjer ikkje fast dekke i det nydelege naturlandskapet på Prestavegen.

Plassering av hytta vil også ha innverknad på kva ein får vist fram i kommunen, då både innbyggjarane og folk utabygds frå vil besøke hytta. Det har også gått sport i å besøke alle dagsturhyttene og derav besøke nye stader, så dagsturhytta set kommunen på kartet. Statistikkane for nokre av Sogn og Fjordane sine dagsturhyttebesøk er imponerende med mange tusen i året (16.000 i Lærdal på ett år, Sogndal 21.000 på ett år, 900 besøk fyrste veka hytta i Årdal var open (kjelde:Firda 23. mai 2020)). Prosjektleiari og initiativtakar Atle Skrede i fylkeskommunen seier i same artikkelen at plassering er alfa og omega og at dei hyttene som ligg nær skule, barnehage og der folk bur er dei best besøkte. Vårt innspel ligg slik til og i tillegg vil kommunen få vist fram mykje av den flotte Samnanger-naturen. Frå tomte og utsiktspunkt ved tomte er det nydeleg utsikt ut Samnangerfjorden, mot Gullfjellet og fjellheimen mot Kvamskogen. Me får vist fram eit flott turområde i kommunen vår der ein kan kome att mange gongar, men likevel ikkje gå same vegen som sist og ein kan ta ein rundtur. I tillegg vil det vere ei heilårshytte som både kan gjere Totræna Vinterpark meir besøkt, heile året, og generere meir inntekter til langrennsgruppa.

Følgjande innspel til alternativ vert lagt til denne saka som vedlegg:

ALTERNATIV C. PLASSERING AV DAGSTURHYTTA I NÆRLEIKEN AV FITJAVATNET

ALTERNATIV D. PLASSERING AV DAGSTURHYTTA I OMRÅDET MALKESTØLEN

Innspel og uttalelsar

Prosjektgruppa har bedt om innspel til plassering frå følgjande politiske utval:

- Råd for personar med nedsett funksjonsevne
- Naturutvalet
- Ungdomsrådet
- Eldrerådet

Noko seinare enn planlagt vart også Samnanger turlag også bedt om innspel til plassering av dagsturhytta. Samnanger historelaget og fylkeskonservatoren i Vestland fylkeskommune er bedt om innspel ved utbetring av delar av Prestavegen. Atle Skrede, prosjektleiar i Vestland fylkeskommune, er bedt om innspel til plassering av dagsturhytta ut frå dei to alternativa.

I referatsaka til dei ulike utvala er det kun plassering i «nærleiken av Flesjane» som er lagt fram skriftleg, oppdateringar undervegs er lagt fram munnleg ved administrasjonen. Deriblant plassering i Totræna. Alle innspel og uttalelsar er lagt ved saksframlegget.

Vurdering og konklusjon

Prosjektgruppa konkluderer med at plassering av dagsturhytta ved Kvernesvatnet, alternativ A, vert innstilt som første val. Merk at dette er utan tilrettelagt turløype og toalett. Tilrettelegging av tursti kan eventuelt sjåast på ved eit seinare høve, samt behov for toalett. Konklusjonen er basert på følgjande vurderingar:

- Dagsturhytta skal vera eit lavterskeltilbod som skal få fleire på tur, og oftare på tur. Plassering ved Kvernesvatnet er vurdert som eit lett tilgjengeleg «kvardagstur mål» for dei fleste innbyggjarane i kommunen. Dagsturhytta bør vera tilgjengeleg for så mange som råd, og dette alternativet er mest inkluderande både med tanke på ulike typar funksjonsnivå og aldrar.
- Turen er ikkje for tidskrevande eller for ambisiøs i ein travel kvardag. Plasseringa gjev dei fleste eit flott tilbod om å koma seg ut i naturen, ikkje langt frå kor dei har sine daglege gjeremål.
- Turmålet er i gangavstand - og ca 3 min. med bil - frå Bjørkeheim handelssentrum.

- Det er godt med parkeringsplassar og høve til kollektiv transport ved kyrkja på Ådland.
- Turen kan brukast heile året og i «all slags vêr». Turen er attraktiv å gå sjølv om det regnar.
- Med plassering ved Kvernesvatnet får me spreidd friluftstilboda i kommunen. Ikkje alle tilbod, attraksjonar eller trekkplaster treng ligga på same plass.
- Ein kan koma seg til Kvernesvatnet på fleire ulike måtar. Ein kan starta frå fjorden i båt, kajakk eller kano og gå i land i i t.d. Flesjane eller Tranaholmen. Dersom kommunen ønskjer å tilrettelegga turstien ved eit seinare høve kan det verta høve til å bruka elektrisk rullestol og barnevogn. Det er ikkje tilrettelagt for det, men det er høve til å sykla delar av ruta slik den er i dag.
- Området rundt Prestavegen og Kvernesvatnet har eit godt utviklingspotensiale. Hytta kan utviklast vidare med tilleggsaktivitetar som sanitæranlegg, hengekøyer, bålpanner, naturleikeplassar, gapahukar for overnatting og høve for vassaktivitetar. Kommunen eig store delar av området.
- Kvernesvatnet er i gangavstand frå gardsbarnehagen og Dråpeslottet barnehage og Skottabakken bufellesskap.
- Plassering av dagsturhytta ved Kvernesvatnet kan gje positive ringverknader i samband med bruk av tilbod på Bjørkheimsområdet, som t.d. bruk av den nye badevika, utstyrskanten og biblioteket m.m. Dette gjelder særskild for besøkande som kjem frå andre kommunar eller regionar.
- Fleirtalet i eldrerådet og ungdomsrådet er positive til dagsturhytte ved Kvernesvatnet. Fylkeskommunen v. prosjektleiar Atle Skrede rår Samnanger kommune til å velja området ved Kvernesvatnet. Råd for personar med nedsett funksjonsevne har vore positiv til plassering ved Kvernesvatnet med tilrettelagt tursti. Dei vert informert med dei nyaste opplysningane i sitt utvalsmøte 20.10.20.
- Etersom det ikkje er vedtatt kor hytta skal ligga har administrasjonen avgrensa kapasitet til å undersøka nøyaktig kva tilrettelegging av trasèen til Kvernesvatnet har å sei for Prestavegen som kulturminne. Fylkeskonservatoren ønskjer å bistå i dette arbeidet, om den tid kjem. Me har difor tatt vekk forslag om tilrettelegging av trasèen.

Prosjektgruppa har ikkje sett opp prioriterte innstillingar til alternativ B, C og D, men visar til følgjande vurderingar:

Alternativ B - plassering av dagsturhytta i totræna i tilknytning 5 km langrensløype

Totræna vinterpark er eit populært og etablert skianlegg, både lokalt og regionalt. Området er ein del av eit nettverk av turstiar som har gode besøkstal. Det er eit pluss at dei eldste barnehageborna og barneskuleelevene kan gå til Totræna frå skulen. Likevel er ikkje denne strekninga å rekna som lavterskel. Det er kome inn to andre alternativ til plassering som vil vera meir tilgjengeleg for barnehagen og barneskulen på Gjerde. Formålet med dagsturhyttene er å få dei delar av befolkninga som i dag er lite fysisk aktive, til å bli meir fysisk aktive. Det er liten tvil om at dagsturhytta vil vert godt besøkt i Totræna, men plassering ved Kvernesvatnet vil vera lettare tilgjengeleg i kvardagen for dei fleste. For å ta den lettaste ruta til alternativet i Totræna må ein køyra til parkeringsplassen i Totræna.

Alternativ C – plassering av dagsturhytta i nærleiken av Fitjvatnet

For alternativ C er det tenkt plassering i krysset kor ein anten kan gå vidarer mot Fitjvatnet eller Totræna. Ut frå måling i kart visar avstanden frå krysset til Fitjvatnet 1 km. Det er positivt at dei tilsette ved skulen syns dette hadde vore ei utmerka plassering. Strekninga vil blant anna vera tilgjengeleg for mange, og lett og nå frå barneskulen. Ein kan nå hytta heile året, og sykla fram. Me ser at dette alternativet kan vera positivt for barneskulen og barnehagen på Gjerde. Likevel tenkjer me at det ikkje nødvendigvis er i barnehage- og skulesamanheng at barna treng mest motivasjon for å koma seg ut i naturen – det er gjerne på fritida at det er behov for «ei gulrot». Prosjektgruppa føreslår å laga til ein gapahuk i området, t.d. slik som det er laga til i Hagabotnane.

Det er positivt at området er ein del av eit nettverk av turstiar som har gode besøkstal. Frå barneskulen til Myra kan ein velja mellom å gå på sti eller asfalt.

Strekningen frå Myra til Fitjavatnet er ein av turstiane Kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024 peikar på for å høve til å gjera universell utforma. Det kan vera at strekninga kan gjerast tilgjengeleg for elektrisk rullestol, men den er ikkje tilgjengeleg for vanleg rullestol. Det har ikkje vore høve for prosjektgruppa å reisa på synfaring i området. Det einaste me kan sei per i dag er at det vil medføra kostnader å gjera tilkomsten inn i hytta tilgjengeleg. Veggen frå Myra til krysset mot Totræna og Fitjavatnet må også truleg få eit anna dekke for å vera tilgjengeleg for elektrisk rullestol.

Alternativ D – plassering av dagturhytta i området Malkestølen

Innspel C og D som er kome inn er begge i nærleiken av krysset mellom Fitjavatnet og Totræna. Prosjektgruppa har per 19.10.20 ikkje vore på synfaring i området, så det er ikkje høve til å sei noko om skilnadane. Vurderingane vert i stor grad dei same. Turmålet vil blant anna vera tilgjengeleg for mange, og lett og nå frå barneskulen. Ein kan nå hytta heile året, og sykla fram. Me ser at dette alternativet kan vera positivt for barneskulen og barnehagen på Gjerde. Likevel tenkjer me at det ikkje nødvendigvis er i barnehage- og skulesamanheng at barna treng mest motivasjon for å koma seg ut i naturen – det er gjerne på fritida at det er behov for «ei gulrot». Prosjektgruppa føreslår å laga til ein gapahuk i området, t.d. slik som det er laga til i Hagabotnane.

Det er positivt at området er ein del av eit nettverk av turstiar som har gode besøkstal. Frå barneskulen til Myra kan ein velja mellom å gå på sti eller asfalt. Området ligg i tilknytning til skiløypa mellom vassvegen og 5-km sløyfa i Totræna Vinterpark.

Strekningen frå Myra til Fitjavatnet er ein av turstiane Kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024 peikar på for å høve til å gjera universell utforma. Det kan vera at strekninga kan gjerast tilgjengeleg for elektrisk rullestol, men den er ikkje tilgjengeleg for vanleg rullestol. Det har ikkje vore høve for prosjektgruppa å reisa på synfaring i området. Det einaste me kan sei per i dag er at det vil medføra kostnader å gjera tilkomsten inn i hytta tilgjengeleg. Veggen frå Myra til krysset mot Totræna og Fitjavatnet må også truleg få eit anna dekke for å vera tilgjengeleg for elektrisk rullestol.

Uansett plassering av dagsturhytta meiner prosjektgruppa at:

- toalett bør vurderast ut frå kor hytta vert plassert og behov. Toalett tilknytt hytta kan spara naturen for forsøpling og gjera turmålet meir attraktivt.
- kommunen bør jobba for tilrettelagt veg for rullestol frå grusvegen og fram til grindebygget på Ådland.
- det bør takast sikte på å leggja til rette for ein gapahuk i området kor hytta ikkje skal stå. T.d. ved Kvernesvatnet eller i nærleiken av Fitjavatnet og Malkestølen, som er lett tilgjengeleg for barneskulen og Dråpeslottet barnehage.